



Tre frå Jylland i Danmark og ein uskedeling var i høg stemning i føremiddagstimane tysdag etter å ha fanga over 11 kilo laks i Vik i Indre Matre. Dei hadde fått ein fisk på 4 kilo, ein på 3,6 og ein på 3,5, alle tre i fjorden. Trioen har fiskeferie i Uskedalen denne veka, saman med sin kollega Ørnulf Myklebust, som er herifrå.

Det var flotte fiskar, men ein av dei hadde mykje lus på seg og var noko prega av det.

- Kvifor ikkje freiste lukka i Uskedalselva, ville uskedalen.no veta.

- Sjølv sagt skal vi det, no er planen å flytta over i elva. Men helst burde det først koma ein god porsjon regn, for no er vassføringa i minste laget. Kanskje må vi dansa ein dansk regndans, sa dei muntre danskane.

Kvartetten kjem forøvrig til ei nykalka elv. Den årlege kalkinga frå helikopter skjedde i morgontimane tysdag og som vanleg vart 10 tonn kalk spreidd ovanfor kalkstsjonen i børsdalen og over dei øvre delane av Uskedalselva.

På biletet sit Stig Madsen, Simon Dengsøe og Karsten Bleiken rundt fiskane saman med verten Ørnulf Myklebust.

(Foto: Ola Matti Mathisen)